

Månad: juli 2021

AKTIVITET

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 403	1 421	-18	1 312	91	10 264	10 568	-304	9 409	855
Tal utskrivne pasientar	72	78	-6	83	-11	538	598	-60	617	-79
Polikliniske kons. m/refusjon	1 101	1 146	-45	1 086	15	12 950	15 322	-2 372	14 050	-1 100
Rus										
Tal heildøgnsopphald	435	562	-127	572	-137	3 602	4 060	-458	3 278	324
Tal utskrivne pasientar	10	17	-7	22	-12	106	143	-37	112	-6
Polikliniske kons. m/refusjon	136	113	23	99	37	1 518	1 715	-197	1 513	5
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	104	27	77	78	26	662	739	-77	787	-125
Tal utskrivne pasientar UPH	5	3	2	7	-2	48	49	-1	49	-1
Polikliniske kons. m/refusjon	579	451	128	555	24	10 476	10 180	296	9 672	804

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore om lag som plan og same periode i fjor.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har aktiviteten på døgnsesjonane vore låg i perioden. Den siste tida har det vore mindre etterspurnad enn vanleg etter våre døgntilbod, både på Tronvik og Nordfjordeid. Poliklinisk aktivitet har vore om lag som plan i perioden.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore god innan poliklinikk og vi ligg føre plan og fjoråret. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge. Dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar. Ved ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH) har aktiviteten vore høgare enn vanleg på denne årstida.

Beleggsprosent døgnsesjonar
Reell beleggsprosent, juli 2021, klokka 7

Institusjon	Klinikk	Post	Siste 12 mnd	I vald periode	Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Akutt Døgn, Psyk.Førde	79 %	59 %	-20 %
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	DPS Allmenn Førde	76 %	52 %	-23 %
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	DPS psykose Førde	57 %	83 %	26 %
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	ISP Døgn	65 %	43 %	-22 %
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Lokal tryggleikspost Førde	83 %	100 %	17 %
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	NPS Døgn	71 %	70 %	-1 %
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	NPS Rus	47 %	30 %	-16 %
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Ruspost Tronvik	68 %	71 %	2 %
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Ungdomspost for psyk.helsevern	48 %	86 %	38 %
Totalt			67 %	60 %	-7 %

ØKONOMI

Artskonto	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil
☒ Pasientrelatert inntekt	2 255	2 212	43	27 038	28 046	-1 008
☒ Basistilskudd	40 555	39 744	811	209 901	207 687	2 214
☒ Andre inntekter	74	342	-268	2 032	3 496	-1 464
☒ Sum Driftsinntekter	42 884	42 298	586	238 971	239 229	-259
☒ Varekostnader og Helsetjenester	-997	-1 033	36	-7 994	-7 866	-128
☒ Lønn- og personalkostnader	-41 304	-40 508	-796	-222 114	-225 578	3 464
☒ Øvrige kostnader	-2 451	-2 323	-128	-16 670	-16 744	73
☒ Sum Driftskostnad	-44 752	-43 864	-888	-246 778	-250 188	3 410
☒ Driftsresultat	-1 867	-1 565	-302	-7 807	-10 958	3 151
☒ Totalresultat	-1 867	-1 565	-302	-7 807	-10 958	3 151

Denne perioden:

Totale inntekter i perioden er 0,6 mill. høgare enn budsjett. Auken i basistilskot skuldast etterbetaling for styrka tilbod ved Vik fengsel.

Personalkostnadene er 0,5 mill. høgare enn budsjett i perioden og reisekostnader er 0,2 mill. lågare enn budsjettert. Vi har framleis utfordring med høgt forbruk av overtid og ekstrahjelp ved nokre av døgnseksjonane. Det vert arbeidd for å minimere dette. Vi har ikkje grunn til å tru at det vert utfordringar knytt til budsjetterte personalkostnader i 2020, sjølv om lønsoppgjeret vil påverke personalkostnadene meir enn budsjettert frå hausten.

Sum driftskostnader i perioden er 0,3 mill. høgare enn budsjett, og bokført resultat i perioden er 0,3 mill. svakare enn budsjett.

Til no i år:


Bokførte inntekter er 0,3 mill. lågare enn budsjett.

Totale driftskostnader er 3,7 mill. lågare enn budsjett til no i år. Kostnader til kjøp av behandlingssassar i andre føretak har samla sett vore 0,7 mill. lågare enn budsjett så langt i år. Personalkostnadene til no i år er 2,1 mill. lågare enn budsjettert, og reisekostnader er 1,9 mill. lågare enn budsjett.

Resultatet hittil i år er 3,7 mill. betre enn budsjett.


MEDARBEIDARAR

Månadsverk:



Gjennomsnittleg tal brutto månadsverk siste tolv månader er 458. For eitt år sidan var dette talet 431. Auken skuldast etablering av tryggingsspost i Førde.


Sjukefråvær:




Sjukefråværet var 5,1 prosent i juni mot 6,5 prosent same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjukefråvær siste 12 månader var 8,0 prosent. For eitt år sidan var talet 7,7 prosent.

KVALITET Epikrise



I juni var 90 prosent av epikrisene innan PHV sende innan sju dagar, og 38 prosent innan ein dag.




I juni var 92 prosent av epikrisene innan TSB sende innan sju dagar, og 42 prosent innan ein dag.

Korridorpatientar

Det er ikkje registrert korridorpatientar i juli 2021.


Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Det er 208 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 34 dagar.

I same periode i 2020 var det 134 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 27 dagar.

Ventetid der behandling er starta i perioden



Dei 93 pasientane som har fått starta si behandling i perioden, har i snitt venta 29 dagar før behandlinga starta.

I same periode i 2020 var det 71 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 29 dagar før dei fekk starta behandling.

Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved periodeslutt
	Pasientar
Psykisk Helsevern Barn og Unge	0
Indre Sogn Psykiatrisenter	0
Nordfjord Psykiatrisenter	0
Psykiatrisk klinikk	0

Ingen fristbrot innan PHV i perioden.